



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Daniel Almhjell, 5557 2150

## Uttale - Plan for nydyrking - Alver 209/3 - Halland

Vi viser til søknad om nydyrking på gbnr. 209/3 i Alver kommune. Søknaden gjeld nydyrking av eit 7,5 dekar stort innmarksbeite som skal fulldyrkast. Arealet skal nyttast til grasproduksjon. I søknaden står det at arealet skal dyrkast opp med tilkøyrde massar, og at tippavgiften er tenkt å dekke alle kostnader, kostnadsoverslag blir difor irrelevant.

I samband med nydyrkingstiltaket søkjast det også om løyve etter forureiningsforskrifta kap 4. og jordlova til å etablere eit massemtak. Plan for anlegg og drift, teikningar og kart er vedlagt og utarbeida av Norsk Landbruksrådgiving som søkje på vegne av tiltakshavar. I plan for anlegg og drift av jordtipp står det at tiltaksområde er på 25 dekar, og at fyllhøgda vil vere mellom 1 og 2 meter, maks 3 meter med eit totalt volum på 50 000 kubikk. I kart ser ein at tiltaksområdet består av eit fulldyrka jordbruksareal på 17,4 dekar, og omkringliggjande innmarksbeite, som utgjør eit areal på 7,5 dekar. Vidare står det i plan for anlegg og drift av jordtipp at det fulldyrka arealet er ei tidlegare dyrka myr som er i ferd med å gå ut av produksjon grunna myrsvinn. Det er no fjell i dagen fleire stadar, og det fulldyrka arealet er ikkje lenger mogleg å drenere med vanleg grøfting. Heving av terrenget blir difor den einaste måten å behalde dette området på som eit produktivt jordbruksareal.

Det er tiltenkt å bruke jordmassar frå eit lite tal utbyggingsprosjekt, og tiltakshavar har vore i kontakt med Statens vegvesen med tanke på å ta i mot massar. Det er spesifisert at det skal brukast reine jord- og steinmassar som tilfredsstillende krav til klasse 1 i veileder TA 2553/2009 Helsebaserte tilstandsklasser for forureina grunn. Det står også at tiltakshavar skal etablere eit system for kontroll av mottekne massar, og at jordtippen skal anleggast og drives i tråd med "Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt" frå 1989, samt i tråd med faglege tilrådingar frå handboka *Jordmasser – fra problem til ressurs*, frå Norsk Landbruksrådgiving og NIBIO 2018.

Det står at det er svært lite stadeigen matjord av verdi innfor tiltaksområdet, men at det i kantane finnast noko god mineraljord som skal gjenbrukast som toppdekke ved avslutning av tippen.

Det skal også søkjast om bygging av landbruksveg.



## Våre merknadar

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrking skal nydyrking gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskrifta også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedommen, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar. Statsforvaltaren skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkinga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 i forskrift om nydyrking.

Vi har ingen miljøfagleg kommentar til sjølve nydyrkingstiltaket, men det er viktig at kommunen set vilkår som gjer at jordtippen og bruk av massar resultere i eit godt og produktivt jordbruksareal. Det er mykje massar som skal køyrast inn, og det er viktig å ha kontroll på kor, og frå kven massane kjem i frå. For eit godt jordbruksareal er det også viktig med eit toppdekke med matjord som har tilfredsstillande kvalitet og tjukn. Kommunen kan også her sette vilkår som sikrar dette, spesielt der det er lite stadeigen matjord og massar må skaffast frå andre plassar. Viss området blir liggjande utan eit toppdekke med matjord kan det føre til meir avrenning og erosjon, det kan difor vere hensiktsmessig med krav til ein plan over kor mykje matjord som trengs og kor den skal hentast frå. Vidare er det også ein anbefaling frå dei tekniske retningslinjene at bakkeplanering skjer om våren eller sommaren for å unngå periodar med mykje nedbør, samtidig som det skal sikrast mot erosjon der ein har eit avbrot på arbeidet i meir enn 4 veke. Det er planlagt drift i to etappar, og tilsåing av dei eine feltet før ein startar på det andre er positivt med tanke på avrenning. Kommunen kan også her sette vilkår over tidsaspektet på drifta, slik at ein unngår at det blir gitt løyve i eit uavgrensa tidsrom.

Det er eit godt kjent problem at det finst masseoverskot i enkelte pressområde, og at desse for ofte vert handtert på ein uheldig og stundom også ulovleg måte. Det er derfor i utgangspunktet positivt at overskot av reine naturlege massar vert gjenvunne til gode tiltak slik som å utbetre jordbruksareal som det er behov for. Utfordringane med dette prosjektet er det totale arealet og volumet, og at det dermed er fare for at det i løpet av anleggsperioden vil kunne «snike seg inn» massar som ikkje fyller krava. Det er derfor som sagt viktig at det vert vurdert og sett krav til anlegget som sikrar at både massekvaliteten og gjennomføringa vert som planlagt.

Elles vise vi til vedlagt dokument om massar og massehandtering.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Daniel Almhjell  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*